

PROTOKOLL STYREMØTE NBF SOGN OG FJORDANE SKEI HOTELL MÅNDAG 2.SEPTEMBER 2002.

TIL STADES:

Asbjørn Feten, Dagfinn Lauritsen, Geir Engebretsen, Kai Lille-Homb, Arve B. Røneid

Før møtet tok til fekk Geir Engebretsen solide gratulasjonar fro NM-innsatsen (4.plass NM par)

Saker i høve saklista:

- ❖ Godkjenning av referat styremøte 10.04.02

Sak 18/02: Orientering frå leiar

Asbjørn orienterte frå Bridgetinget i Bergen og styret hadde ein uformell samtale kring dette, samt ein uformell oppsummering av krinstinget.

Sak 19/02: Terminliste 2002/2003

4. og 5. divisjon:

Krinsen vil framleis arrangere 4. og 5. divisjon, trass i manglande utbetalingar frå forbundet inneverande år. Det vert vurdert å halde attende påmeldingsavgifta frå klubbane kommande sesong til dette har betra seg.

Dersom påmeldinga vert stor nok, vurderer krinsen å spela med 2 avdelingar i 5.divisjon, der vinnarane rykk opp i 4. divisjon. Spelestader vert avgjort på bakgrunn av påmeldingane (t.d. ein i Sogn, ein i Nordfjord?).

Asbjørn sender søknad til forbundet om å auke tal lag i 4.divisjon til 10.

KM LAG:

Styret var samde om å endra turneringsforma.

KM lag vert kommande sesong arrangert som KM par, dvs. med sonekvalifisering fleire stader i fylket, med ca. 8 lag i kvar sone. Vinnarane (og evt. nr. 2) i kvar pulje vert direkte kvalifisert til KM lagfinale i Førde. Ei slik turneringsform kan danne basis for ei framtidig enklare struktur for KM lag m.o.t. seeding, direktekvalifisering o.l.

Arve lagar invitasjon til klubbane om KM-lag og divisjonsspelning.

Klubbmeister Sogn og Fjordane:

Det var blanda meiningar om turneringsforma i fjor. Denne gongen går styret inn for ei mellomløysing:

Klubbane syter sjølve for å leggja kort (evt. får tilsend diskett med givane). Klubbane sender inn resultat (parnummer, kontrakt, score) til Geir, som til alle si begeistring tok på seg det tidkrevjande arbeidet med å ”punche” dette inn på data. Tal spel vert redusert til 20, då fleire klubbar har hatt ynskje om dette.

Det vert elles vist til terminlista til krinsen for dei ulike turneringane.

SAK 20/02: KM-REGLEMENT

Saka vert oversend til turneringsutvalet.

Styret diskuterte likevel nokre praktiske endringar ved dei ulike krinsarrangementa:

Premiering KM-MIX:

Det vert sett av ein pott til dekking av startavgift NM-MIX for dei tre første para under KM-MIX. Dette for å stimulere til deltaking i nasjonale arrangement.

Påmelding KM-PAR:

BINDANDE påmelding til KM-finalen skjer under sonemeisterskapa. På denne måten kan alle som er interessert i å delta få høve til det. Ein unngår ein "haug" telefonar dei siste vekene før finalen.

SAK 21/02: NYTT REGELVERK

Alle medlemmer i NBF har fått tilsend medlemsbladet der dei nye reglane (m.a. vedr. bruk av stopp-kort) vert gjort reie for. Krinsstyret ynskjer å innføre det nye regelverket i krinsen sine turneringar frå dags dato. Styret kjem med ei sterk oppmoding til turneringsleiarar om å ta eit "lynkurs" i forkant av turneringane.

SAK 22/02: OPP- OG NEDRYKKKRITERIAR I DIVISJONSSPELING

Saka kom opp etter at eit lag klart for opprykk (Balestrand) trekte plassen sin i 3.divisjon.

Som hovudregel skal vedtaket frå krinstinget –2000 vedr. 4/5 divisjon gjelde som rettesnor; dvs. eit nedrykt lag er eit nedrykt lag. Dersom vinnarane av 4.divisjon seier ifrå seg plassen, går denne til nr. 2 i 4.divisjon, deretter nr. 3 osv.

Nr. 2 i 4.divisjon 2001/2002 i Sogn og Fjordane får dermed høve til spele 3. divisjon kommande sesong.

Krinsstyret vil likevel påropa seg retten til å i særskilte høve finna andre løysingar ut ifrå ei sportsleg vurdering.

SAK 23/02: ARBEIDSFORDELING I STYRET

Geir: Kortdublering, oppdatering internett, Loen-turneringa, leiar turneringsutval

Dagfinn: Ungdomskontakt, krinspoeng

Kåre: Premiar, arr. i Førde-regionen (leige av lokale, tinging av hotellrom o.l.)

Kai: Framleis halde fin orden på økonomien...

Arve: Innbydingar, referat, utsendingar

Asbjørn: Trekkja i tråder, kontakt til forbundet, sitja i telefonen...

Arve B. Røneid
protokollfører